



ÅRSMELDING **2007**  
Lotteri- og  
stiftelsestilsynet

Visjonen vår: Forsvarleg utvikling gjennom effektivt tilsyn, sikker kontroll og god service.





## Innholdsliste

Framtidige oppgåver avklart	6
Talet på stiftelsar nådde 8 800	8
Kontrollerte over 5 200 oppstillingsstader	10
Innsats mot ulovleg markandsføring	12
Satsar på høgt servicenivå	14
Mediepågangen stabilt stor for begge fagtilsyn	16
Speleavhengigheita aukar lite	18
Trafikken ned på Hjelpelinja	20
Omsetninga tilbake på nivå med 2001/2002	22
Nærare 250 000 spelar på Internett	28
51 fast tilsette	30
Rekneskapen for 2007	32

## Framtidige oppgåver avklart

Mange framtidige oppgåver vart avklart for Lotteri- og stiftelsestilsynet i 2007. Det gjeld både på lotteriområdet og i arbeidet med å byggje opp eit godt stiftelsestilsyn. No veit vi i stor grad kva vi skal jobbe med i åra framover.

Arbeidet i Stiftelsestilsynet kom i løpet av 2007 over i ein meir stabil fase der stadig meir ressursar kunne setjast inn i tilsynsarbeidet. Likevel er det ei utfordring for oss å auke ressursane slik at tilsynsarbeidet kan utvidast i åra framover. Difor jobbar vi med å auke bemanninga i dette fagtilsynet over tid.

Såleis er Stiftelsestilsynet kome inn i ein stabil driftssituasjon der viktige og tidkrevjande tilsynssaker no får ei grundig handtering. Rett nok har det teke lenger tid enn ønskjeleg å få opna det nye Stiftsesregisteret for marknaden og media, men det har vist seg nødvendig for å gjøre det til eit godt verktøy.

På lotterisida fekk vi ei endeleg avklaring på automatpolitikken. Etter 1. juli var dei gamle automatane forbodne. Og det var ein spesiell operasjon å skulle avvikle ein legal marknad som over natta ikkje lenger var lovleg. Men avviklinga av marknaden med rundt 12 000 automatar gjekk knirkefritt. Dette skuldast to tilhøve: God planlegging av kontrollarbeidet i Lotteritilsynet, og lojal oppfølging av pålegg frå entreprenørane si side.

Informasjonsarbeidet rundt nedkoblinga gjekk også bra. Det skuldast ikkje minst at vi fekk ekstra løyvingar frå Kultur- og kyrkjedepartementet som gjorde det mogleg å lage ein effektiv informasjonskampanje retta mot folk flest.

I lotteridelen fall meir på plass i løpet av

året. Frå årsskiftet fekk vi overført alle lotteritoppgåvene som politiet inntil då hadde hatt, mellom anna bingosektoren og dei regionale lotteria. Dermed vil nye delar av lotterimarknaden og det frivillige Noreg komme endå tettare inn på Lotteritilsynet.

Ein ny befolkningsstudie over spelåtferd i befolkninga kunne vi også presentere i 2007. Denne gongen var det SINTEF Helse som gjorde jobben for oss. Vi er nøgde med måten SINTEF løyste oppgåva. Det er viktig å understreke at denne typen forsking aukar kunnskapen om pengespelmarknaden der tilsynet har ansvar for å følge endringar i spelåtferd og lage statistikk.

Kontrollen av dei statlege pengespela blir viktigare di meir ansvar Norsk Tipping og Norsk Rikstoto får for pengespel her i landet. Begge dei to statlege selskapa er i kontinuerleg utvikling, og kontrollarbeidet vårt gjekk problemfritt i 2007.

I tider med stram arbeidsmarked er det gledeleg å registrere at Lotteri- og stiftelsestilsynet ser ut til å halde posisjonen som ein attraktiv stad å jobbe. Også i 2007 rekrutterte vi godt kvalifiserte tilsette inn i organisasjonen.



Atle Hamar  
Direktør





Førstekonsulent Tor Teige representerte tilsynet på Stiftelseskonferansen i 2007.

## Talet på stiftelsar nådde 8 800

Stiftelsar som ikkje var frivillig registrerte i Stiftelsesregisteret, vart tvangsregistrerte ved masseinnmelding i februar 2007. Ved utløpet av året var det ca 8 800 registrerte stiftelsar, og dette er vesentleg høgare enn tidlegere anslag på mellom 6 000 og 7 000.

Stiftelsestilsynet mottok også ein del saker om nyregistrering i 2007. Typen stiftelsar som ønskjer registrering varierer sterkt. Søknader frå blant andre finansinstitusjonar og andre som driv næringsverksemد tyder på at stiftelsesinstituttet blir sett på som aktuell organisasjonsform også i andre tilfelle enn dei rene utdelingsstiftelsane.

Arbeidet med å utvikle og klargjøre Stiftelsesregisteret pågjekk i heile 2007, men usemje med leverandør om kostnadsrammen har forseinka arbeidet. I mellomtida har tilsynet eit mellombels register som ikkje er offentleg tilgjengeleg. Det er ei prioritert oppgåve å gjøre det nye registeret tilgjengeleg for stiftelsar, media og folk flest så raskt som råd er.

Overgangsreglane for tilpassing til stiftelsesloven gjekk ut 1. januar 2007. Dette førte til at Stiftelsestilsynet også i 2007 hadde svært mange søknader om vedtektsendring. Vidare har sanering av stiftelsar med lite kapital, forutan sovande stiftelsar, medført svært stor saksmengd året gjennom. For første gong har Rekneskapsregisteret sendt ut tvangsgebyr til styremedlemmer i stiftelsar som ikkje har levert årsrekneskap. Dette har influert på saneiring, og følgjeleg også på saksmengda.

Sjølv om omdanningssakene har tatt ein stor del av ressursane, har Stiftelsestilsynet i større grad fokusert på tilsynsarbeidet. Vi merkar at media i stadig større grad fattar interesse for kontroll- og tilsynssaker på stiftelsesområdet, og vi ventar at dette vil auke etter kvart som Stiftelsestilsynet blir betre kjent. I ein del einskildsaker er medieoppslag bakgrunnen for at Stiftelsestilsynet reagerer, sjølv om hovudvekta av tilsynssakene har utgangspunkt i andre tilhøve enn medieomtale. I løpet av 2007 passerte

Stiftelsestilsynet 200 opna tilsynssaker.

Stiftelsestilsynet arrangerte i mai 2007 ein konferanse i Førde. Alle norske stiftelsar var invitert. Konferansen er meint som ein service for stiftelsane, og som eit tiltak for at tilsynet skal bli betre kjent blant stiftelsane. Konferansen tok opp relevante tema innafor praktisk styrearbeid, blant anna kapitalforvalting og styreansvar. Det var godt oppmøte, og alle dei ca 150 plassane vart fylte. Tilbakemeldingar frå deltakarane var positive.

Stiftelsestilsynet ser det dessutan som viktig å ha kontakt med sentrale aktørar på stiftelsesområdet, og det vart arrangert møte blant anna i Bergen. Stiftelsestilsynet var også på studieturar utanlands til Tyskland og England i 2007.

Stiftelsestilsynet evaluerer kontinuerleg på kva for måte tilsynet tilfredsstiller stiftelsane sitt informasjons- og servicebehov. Stiftelsestilsynet jobbar med å utvikle heimesida slik at informasjon til stiftelsane blir betre og lettare tilgjengeleg. Målet er at heimesida skal fungere som ein god informasjonskanal for våre brukarar.

Saksmengda i Stiftelsestilsynet var stabilt høg gjennom heile året – ca 5 000 saker kom inn i 2007, og i tillegg til at det var eit etterslep frå året før. I løpet av året vart det klart at talet på tilsette i fagtilsynet vil auke til 12 i først omgang, medan det langsiktige målet er å komme opp i 15 årsverk. Frå overordna departement, Justisdepartementet, fekk Stiftelsestilsynet svært gode tilbakemeldingar om arbeidet som vart gjort.

I 2007 kom det inn 18 klagesaker til Justisdepartementet. I ni av sakene fekk Stiftelsestilsynet medhald, i seks saker vart vedtak omgjort. Ei klage vart forlikt, og to var ved årsskiftet ikkje avgjort.

## Kontrollerte over 5 200 oppstillingsstader

Avviklinga av den gamle automatmarknaden var ei stor oppgåve for Avdeling for statlege spel i 2007. Takka vere god og omfattande planlegging vart oppgåva løyst på ein måte avdelinga er godt nøgd med.

Frå 1. juli skulle rundt 12 000 gevinstautomatar vere ute av marknaden, og svært mange av dei stod oppstilt til siste dag på fleire tusen oppstillingsstader over heile landet. Dette gjorde sjølv sagt kontrolloppgåva omfattande og komplisert.

Målet var å kontrollere alle oppstillingsstadene i løpet av ei viss tid. Den første veka etter forbodet var kontrollaktiviteten ikkje så stor. Vi ønskte å gi entreprenørane ein sjanse til å rydde slik at vi slapp å kontrollere automatar som allereie var kobla ned. Dette viste seg å vere rett strategi, sidan mange av entreprenørane raskt fjerna automatane frå oppstillingsstadene.

For å leggje opp ein effektiv kontroll tok avdelinga i bruk data frå Lotteriregisteret og andre databasar. På den måten vart effektive reiseruter lagde inn i GPS-styrde køyreinstruksar som tok våre kontrollørar frå stad til stad. Dette viste seg å vere ein både billeg og veldig rasjonell måte å kontrollere oppstillingsstadene på.

Kontrollane var også svært positive sett frå styresmaktene si side. Under kontroll av 5238 oppstillingsstader vart det berre funne ein ulovleg automat. I alt vart 97 pst av dei oppstilte automatløyva kontrollert.

I forkant var også Lotteritilsynet i kontakt med Statens forureiningstilsyn med tanke på å sikre ei forsvarleg handtering av automatane som avfall i dei tilfelle entreprenørane ville skrote dei. Ein del kvitta seg med automar på denne måten, medan andre entreprenørar selde automatane i utlandet. Uansett så var det lite som tyda på at delar av den gamle automatmarknaden gjekk under jorda, slik det var ei viss frykt for.

I så måte søkte Lotteritilsynet på sitt og vis hjelp frå folk flest her i landet. I samarbeid med informasjonsavdelinga i tilsynet vart det laga annonsekampanjar der vi appellerte til folk om å melde frå om dei såg ulovlege automtar.

Det var ein spesiell jobb å skulle temme ein slik marknad. For det var ulovleg å ha automatane oppstilte frå 1. juli, men det var ikkje ulovleg å eige automatar. Likevel var avviklinga av automatane svært vellykka.

Kontrollen av Norsk Tipping og Norsk Rikstoto sine pengespel gjekk greitt og utan nemneverdige avvik i 2007. Avdelinga vår på Hamar fekk eit nytt lotteri å kontrollere – Keno – som frå seinhaustes starta med daglege trekningar.



Rådgjører Liv Røthe jobbar i det nye Team Bingo- og lotteriløyve.



## Innsats mot ulovleg marknadsføring

Avdeling for private pengespel og lotteri brukte også i 2007 mykje ressursar på arbeidet med å hindre ulovleg marknadsføring av pengespel her i landet. Vanlege medier som norske radio og TV-kanalar, avisar og kulørt vekepresse, respekterer regelverket.

Når det gjeld pengespel og reklame for pengespel på Internett, står oftaut utanlandske selskap bak, med lisens i eit skatteparadis. Desse aktørane er vanskeleg å stanse.

Utan denne innsatsen mot ulovleg marknadsføring, ville situasjonen venteleg vore lik den i Sverige og Danmark. I nabolanda trassar dei utanlandske aktørane på nettet forbodet mot marknadsføring.


Avdelinga brukte 2007 til å førebu overtakinga av politiet sine lotterioppgåver frå 1. januar 2008. Endringa fører til ein vekst på seks årsverk i avdelinga. Eit nytt team, Team bingo- og lotteriløyve, er etablert under leiing av Tore Bell. I samband med overtakinga av dei nye oppgåvene, sende Lotteritilsynet ut informasjonsskriv til alle

godkjende organisasjonar, entreprenørar, lokalinhavarar og politidistrikt om endringane.

Frå 1. desember vart arbeidet i avdelinga difor organisert i tre team. I tillegg til det nye teamet, blir Team godkjenning og kompensasjon leia av Synnøve B. Pukallus og Team ulovlege lotteri og pengespel vert leia av Bård Eikeset.

Gjennom innsending av rekneskapsopplysningar og mottekne tips, blir det gjennomført stikkprøver når det gjeld bruken av lotteriinntekter. I 2007 har vi ikkje politimeldt organisasjonar for brot på lotterilova på dette feltet, men vi har hatt fleire saker til vurdering. I eitt tilfelle vart godkjenninga som lotteriverdig organisasjon trekt tilbake.

Tilsynet ytte også i 2007 bistand til



politiet i samband med etterforsking, førebuing og gjennomføring av rettsak ved kommande pyramidar. Det gjaldt mellom anna då 11 tiltalte møtte i Trondheim tingrett, tiltalt for brot på lotterilova § 16 sitt forbod mot pyramidespel. Alle hadde vore aktive i pyramidenettverket Plexpay. Lotteritilsynet laga ein rapport som konkluderte med at Plexpay var ein ulovleg pyramide. Under handsaminga i tingretten vart saka for to av dei tiltalte utsett, to vart frifunne medan sju vart dømde. Hovudmannen vart dømd til ei fengselsstraff på 2 år og 6 månader, forutan inndraging av vinning. Domen er anka.

Dessutan avdekkja Lotteritilsynet fleire tilfelle av «lågaste unike bod-auksjonar», også kalla «omvende auksjonar». Dette er ikkje auksjonar i vanleg forstand. Det fungerer slik at deltakarar blir inviterte til å framsetje bod til ein bestemt kostnad. Ettersom deltakarane må yte innskot for å komme med bod, og fordi ein kan vinne gevinst og utfallet er tilfeldig, så er slike auksjonar lotteri. Lotteritilsynet hadde ved årsskiftet stoppa seks slike «auksjonar».

Mot slutten av året vart det utbetalt vel 183 millionar kroner i momskompensasjon til i alt 404 frivillige organisasjoner. Samla kom det i år inn 448 søknader, men 44 vart avvist eller avslått.

I 2007 oversende avdelinga innspel til

regelverk om underhaldningsautomatar og lotteri på tivoli, og forslag til reglar for lotteri på skip i trafikk mellom Norge og utlandet. Mykje ressursar vart også brukt på forslag til regelendringer i samband med overtaking av politiets forvaltingsoppgåver på lotteriområdet. Her gjennomførte vi også høyringsrunden. Arbeidet med tekniske krav til bingo og ny forskrift om skrapelodd vil strekke seg inn i 2008.

Dei om lag 5000 lotteriverdige lag og organisasjonane har plikt til å sende visse rekneskapsopplysingar til Lotteritilsynet innan 1. juni, og 2007 var det andre året slik rapportering kunne skje gjennom nettportalen ALTinn. 39 prosent av organisasjonane nytta elektronisk rapportering. På bakgrunn av manglende rapportering, trekte vi i 2007 tilbake nær 300 godkjenningar.

Lotternemnda handsama i alt 28 klager fra Lotteritilsynet i 2007, inkludert ni klager i samband med søknad om momskompensasjon. Ingen av klagene fekk medhald.

Fra 1. desember gjekk vi over frå to til tre team, ved at vi oppretta eit nytt team som skal overta dei lotterioppgåvene som tidlegare har vore tillagt politiet. Vi har også fått fleire stillingar, slik at avdelinga ved utgangen av 2007 hadde 17 stillingsheimlar (mot 11 tidlegare). Sjå kartet over.

## Ufordringar i 2008

I det nye teamet må vi ha fokus på kompetansebygging og innarbeiding av effektive rutiner som sikrar kort sakshandsamingstid når det gjeld dei nye oppgåvene våre.

Dessutan må vi sørge for å gje tilstrekkeleg informasjon til vår nye brukarar.

Vi skal fremme forslag til departementet når det gjeld forskrift om kompensasjon frå Norsk Tipping i 2008, og stå for fordelinga av deler av denne.

Vidare vil vi følge utviklinga når det gjeld evt regulering av pengespeltilbod på Internett, jf forslag frå departementet hausten 2007 om å pålegge bankar å stanse betalingsformidling til ulovlege pengespel, noko som inneber at Lotteritilsynet skal etablere ei tilsynsordning for dei nye reglane.

## Satsar på høgt servicenivå

2007 var eit år der vi ikkje har hatt dei store organisatoriske eller systemmessige endringane i Avdeling for administrasjon og IT. På områda økonomi, personale, IT, arkiv og fellesstener har vi prioritert å levere kvalitativt gode tenester med høgt servicenivå.

Det har vore fokusert på korleis administrative tenester kan leverast kostnadseffektivt, og vi har vurdert kva tenester som må prioriterast.

Avdeling for administrasjon og IT har ekssterne og interne brukarar. I året som gjekk vart det gjennomført ei omdømeundersøking blant dei ekssterne brukarane våre på lotteriområdet. Denne viste at vi jamt over kjem bra ut som organisasjon. Undersøkinga har lært oss at måten vi handterer ulike førespurnader frå dei som ringer oss, er avgjeraende for det inntrykket desse får av servicenivået vårt.

Vi har difor sett fokus på å få til gode ordningar både i form av rutinar og systemløysingar for å kunne bli best mogeleg på denne funksjonen som er vårt ansikt etter. Samarbeidet mellom sentralbord og avdelingane er avgjerande for at vi skal vere lett tilgjengelege.

Avdelinga hadde ved utgangen av 2007 13 tilsette i tillegg til to lærlingar innan kontorfag og IT. På økonomi, personale og IT har vi i 2007 redusert talet årsverk. Dette har vi fått til på ein gjennomførleg måte ved å endre noko på oppgåveprioriteringane.

På området arkiv og fellesstener har vi vore pressa på personellressursane. Her har ein mått skøyte på noko med tenester frå vikarbyrå. Ei samanlikning vi har gjort i høve til nokre andre offentlege verksemder syner at vi relativt sett har ein låg personellbruk på områda arkiv og fellesstener. Det har vore godt merkbart, særleg for arkivtenesta,

at vi dei siste åra har teke inn stiftelsesområdet utan at personellkapasiteten på det administrative området har blitt auka i vesentleg grad.

Kompetanseutvikling og rett rekruttering er blant dei strategiske måla til tilsynet. Vi har i 2007 gjennomført ei rekke kompetansehevande tiltak i form av kursing av dei tilsette. Dette tiltaket har vore og er høgt prioritert i budsjettdisponeringa vår. Når det gjeld rekruttering så har vi merka at søkermengda er mindre ved ledige stillingar enn det som var tilfelle for nokre år sidan. Vi har likevel greidd å rekrutttere godt kvalifiserte folk til ledige stillingar i 2007. Dette meiner vi har nær samanheng med at vi har eit omdøme som ein attraktiv arbeidsplass.

Trivsel på arbeidsplassen er eit område vi reknar som strategisk viktig. Vi måler jamleg og følgjer opp trivselen med utgangspunkt i Humankapitalindeks-metoden. Resultata for 2007 syner at vi er på om lag same nivå, eller litt under, det nivået vi låg på året før. Det vil derfor vere behov for å vidareføre eit fokus på trivselsfremmende tiltak for å kunne få scoren litt opp.

Avdelinga har jamt over god måloppnåing i høve til dei måla som har vore sett for administrative tenester. Vi har ikkje hatt tilfelle der tenestene har svikta vesentleg i basis-leveransane sine. På utviklingsdelen ser vi derimot at framdrifta kunne vore betre på nokre av tiltaka våre, men også her har ein levert bra på dei høgast prioriterte områda.



Ingunn Vegsund Strømsli er førstekonsulent på vårt travle arkiv.

# WANTED

~~DEAD OR ALIVE~~



STORTINGET HAR VEDTATT AT ALLE GEVINSTAUTOMATAR  
I NOREG SKAL VERE UTE AV DRIFT INNAN 1. JULI I ÅR.  
EIN DEL AUTOMATAR KAN BLI STÅANDE EI TID FRAMOVER, MEN DET SKAL VERE UMOGLEG Å SPELE PÅ DEI.  
DET ER AUTOMATEIGARANE SOM HAR ANSVARET FOR Å KOPLE NED AUTOMATANE.  
LOTTERITILSYNET OG POLITIET KONTROLLERER NEDKOPLINGA.  
ULOVLEG OPPSTILTE GEVINSTAUTOMATAR VIL BLI MØLDE TIL POLITIET.

## Mediepågangen stabilt stor for begge fagtilsyn

Nedkoblinga av dei gamle gevinstautomatane var ei stor utfordring for avdeling Info og speleåtfred i 2007. Mellom anna takka vere ekstra løyingar frå Kultur- og kyrkjedepartementet vart informasjonsarbeidet vellykka.

Det var viktig å få ut informasjon til publikum om kva for automatar som var ulovlege frå 1. juli 2007. Dette vart løyst mellom anna med aktiv bruk av media, forutan annonsar i ei rekke av landets aviser og annonse-kampanje i TV2. Her vart publikum oppmoda om å tipse tilsynet dersom dei kom over ulovlege automatar.

Mediepågangen til Lotteri- og stiftelses-tilsynet var jamt over stor også i 2007. Stadig fleire redaksjonar melder seg med spørsmål om stiftelsar, både på generelt grunnlag og om konkrete stiftelsar. Informasjonsavdelinga reknar med at dette vil auke etter kvart som Stiftelsestilsynet og tilsynsarbeidet blir enda betre kjent. Med tanke på ei rask og effektiv handtering av media, vil det bli til stor hjelp den dagen det nye Stiftelsesregisteret er tilgjengeleg for media og andre interesserte.

Særleg stor var mediepågangen i tida før og etter nedkoblinga av gevinstautomatane. Men også tema som speleavhengigheit og ikkje minst uregulerte spel på Internett er emne som norske medier viser stor interesse for.

I etterkant av avviklinga av automatmarknaden intensiverte avdelinga si overvaking av speletåferden her i landet. Målet var å fange opp om dei tidlegare automat-spelarane gjekk over til andre pengespel når automatane var borte. Svært få automat-spelarar svarte at dei erstatta automatar med andre pengespel. Men det viste seg at svært mange av dei regulerte pengespela i løpet av 2007 hadde ein markert omsetningsauke (sjá eigen artikkel). I kor stor

grad tidlegare automatspelarar står bak auken i regulerte spel, veit vi ikkje. Men det vil uansett vere snakk om ein omsetningsauke som berre utgjer ein brøkdel av den tidlegare automatmarknaden.

Deltaking på konferansar, både nasjonalt og internasjonalt, er viktig for avdeling Info og speleåtfred med tanke på å oppdatere seg på begge tilsynsområda. Særleg viktig er dette med tanke på å bygge opp kunniskap om stiftelsesområdet, både her i landet og i andre land. Men også med tanke på å bygge opp ytterlegare kompetanse på det som påverkar speleåtfreda, var 2007 viktig. Det kom på dette feltet eit nytt verktøy som heiter GAM-GaRD. Dette tok Lotterietilsynet i bruk for å vurdere i kva grad penge-spel utviklar uheldig speleåtfred.

Avdeling Info og speleåtfred bidreg med kompetanse på speleåtfred i vurderinga av nye konsept og pengespel i Lotteretilsynet. Til dømes står avdelinga sentralt i arbeidet med det nye regelverket for Norsk Tipping sine nye terminalar, eit arbeid som tok til hausten 2007.

Informasjonskampanjen retta mot utsette grupper pågjekk heile året. Kampanjen, som er oppfølging av «Regeringens Handlingsplan mot pengespillproblemer», vart i 2007 særleg retta mot skulane. Vi fekk aksept for å jobbe for såkalla gamblingfrie soner i skulen heilt opp på statsrådnivå. Det ført til at den delen av kampanjen som var retta mot ungdomsskulen og dei vidaregåande skulane fekk stor merksemeld i media – noko som er ein del av strategien i dette informasjonsarbeidet.



## Speleavhengigheita aukar lite

1,7 prosent av alle vaksne her i landet, det vil seie 62 000 personar, har eller har hatt problem med pengespel. Speleproblema har same omfang i befolkninga i 2007 som fem år tidlegare.

Dette var viktigaste konklusjonen i ein befolkningsstudie som SINTEF Helse gjennomførde for Lotteri- og stiftelsestilsynet i 2007. Datainnsamlinga vart gjord i februar og mars, det vil seie tida før dei gamle gevinstautomatene vart forbodne. Studien var også ei oppfølging av den tilsvarende kartlegginga i 2002.

Eit viktig mål for Lotteri- og stiftelsestilsynet var å sjå om andelen problempelarar hadde endra seg i omfang sidan 2002. Men SINTEF finn ingen signifikant endring når det gjeld omfang av pengespelproblem i befolkninga.

Svara i den nye undersøkinga viser at 1,7 prosent av den vaksne befolkninga frå 16 til 74 år på eitt eller anna tidspunkt i livet har hatt eit pengespelproblem. Dette utgjer 62 000 menneske. I 2002-undersøkinga, som vart utført av Statens institutt for rusmidelforskning (SIRUS), var den tilsvarende delen 1,4 prosent som utgjorde 49 000 personer. Men endringa frå 2002 til 2007 er, ifølgje SINTEF, så lita at det ikkje kan utelukkast at den skuldast tilfeldigheter.

Den nye befolkningsstudien viser at 0,7 prosent av den vaksne befolkninga, 25 500 personar, hadde eit pengespelproblem på det tidspunktet studien vart gjennomført.

Denne andelen var lik andelen i 2002-undersøkinga.

I perioden mellom dei to studiane har omsetninga i den regulerte pengespelmarknaden her i landet auka frå ca 30 milliardar kroner i 2002 til ca 38 milliardar kroner i 2006, men nådde ein topp på 42 milliardar i 2005. Auken skuldast i første rekke vekst i omsetninga på dei gamle gevinstautomatane.

Omsetninga på utanlandske nettstader har, ifølgje våre estimat, fleirdobla seg frå 1,4 milliard kroner i 2003. Når det gjeld estimatet for 2007, sjå eigen artikkel om statistikk.

Når ikkje den store auken i omsetning har gitt større utslag når det gjeld speleavhengigkeit, kan det skuldast fleire tilhøve. For det første har det i fleire år vore eit veldig kraftig mediefokus på pengespel og speleåtfærds, og dette kan ha påverka både folk sine haldningar til pengespel og åtferd. I tillegg vil oppfølginga av Handlingsplanen venteleg ha hatt effekt, mellom anna kampanjen som har vore retta mot grupper som er mest utsette for uheldig speleåtfærds. Og i tillegg vart det gjennomført regulatoriske tiltak som til dømes setelforbod og nattestenging på gevinstautomatane.

## Her er ein del andre fakta og funn i studien

- 10 000 tilfeldig utvalde personar (16-74 år) var invitert til å delta
- Svarprosenten var på 36 prosent i 2007 mot 42 prosent i 2002
- 36 prosent av problempelarane spelte på automat – 20 pst poker
- 70 prosent var neverande spelarar i 2007 mot 81 prosent i 2002
- Personar som spelte pengespel hyppigast i 2007 var menn over 45 år og med låg utdanning – likt med funn frå 2002
- Mest spelt dei siste 12 månader var Lotto/Viking Lotto (både i 2002 og 2007) følgt av skrapelodd, Joker og Extra
- Kvinner i alderen 16-24 kjøpte oftast skrapelodd, men i same alder spelte oftast på gevinstautomatar

## Trafikken ned på Hjelpelinja

Setelforbodet på gevinstautomatar frå 1. juli 2006 gav effekt på samtaletrafikken på Hjelpelinja allereie frå juli månad same år. Tilsvarande raske effekt såg vi sommaren 2007 då gevinstautomatane vart fjerna frå marknaden.

Lotteritilsynet samarbeider med Sykehuset Innlandet HF Sanderud om Hjelpelinja for speleavhengige. Hjelpetelefonen bidreg til at vi jamleg får ny systematisert kunnskap om problematisk speleåtferd.

Hjelpelinja mottok 1 393 samtalar i 2007. 1 117 av desse handla om spelarar. Dette er ein nedgang i trafikken samanlikna med året før då det var 2 066 samtalar. Som året før kom reduksjonen i 2007 frå andre halvår då nesten ingen lenger ringte om gevinstautomatar. Dei få som då ringte om automatar snakka om konsekvensar av tidlegare automataspel.

83 pst av dei med pengespelproblem som ringte eller vart omtalt på hjelpetelefonen i 2007 var menn. Snittalderen for menn var 34 år. For kvinner var snittalderen 42 år.

Ser vi heile 2007 under eitt var gevinstautomatar det mest omtalte pengespellet på Hjelpelinja, men slike samtaler fekk nær fullstendig bortfall andre halvår. Det første halvåret sa 57 % i førstegongs samtalar at gevinstautomatar var det einaste eller det mest problematiske spelet.

Dermed er det ingen tvil om at reduksjonen i telefonar til Hjelpelinja skuldast automat forbodet, på same måte som setelforbodet bidrog tilsvarande i 2006.

Som tidlegare år har poker samtalar også i 2007 hatt ein reell auke. I 2007 har vi registrert poker som hovudproblemspillet i 196 førstegongs samtalar. Tilsvarande tal i 2006 var 126. Poker held dermed fram med klar vekst i Hjelpelinja sine statistikkar.

Etter at automatane vart fjerna frå marknaden, er poker det mest omtalte pengespillet på Hjelpelinja. Andre halvår utgjorde poker 45 prosent av hovudproblemspillet i førstegongs samtala. Ser vi på alle samtalar ved Hjelpelinja som har handla om pengespel, har poker vore nemnt i 52 prosent av samtala det andre halvåret.

Registreringsrutinane ved Hjelpelinja vert endra dersom nye spel kjem til i marknaden. Samstundes som Norsk Tipping innførte Keno i november 2007 er det også registrert om Keno er eit problematisk spel for innringar. Keno vart i november og desember nemnt i totalt sju samtalar. I fem av desse var Keno det einaste eller det mest problematiske spelet.



Stadig fleire spelar pengespel via elektroniske kanalar. I 38% av førstegongs samtalar i 2007 kjem det fram at hovudproblemspillet vert spelt frå PC'en heime. Ein del spelar frå PC på jobben (6 %) eller anna stad (7 %). Vi har også registrert einskilde (1 %) som spelar frå mobiltelefon. Nettpoker utgjer to tredjepartar av pengespel på elektroniske kanalar.

Hjelpelinja mottar også ein del samtalar om spel som ikkje direkte er pengespel. Mange av samtala handlar om spelet World of Warcraft. Desse samtala utgjer 205 av 1 117 (180 er førstegongs samtala). Utover dette inngår ikkje samtala i resultata vi har presentert ovanfor. Dei aller fleste av telefonane her kjem frå pårørande. I 96 % av samtala er spelaren mann eller gut. Snittalderen på spelarane er 19 år.



**Spiller du  
for mye?**

800 800 40  
[www.hjelpelinjen.no](http://www.hjelpelinjen.no)



## Omsetninga tilbake på nivå med 2001/2002

Omsetninga på regulerte norske pengespel vart i 2007 redusert for andre år på rad. Førebelse tal tyder på at det i fjor vart omsett for brutto om lag 27,4 milliardar kroner. I 2006 var omsetninga på 38,2 milliardar<sup>1</sup>. Dermed er reduksjonen nærmere 11 milliardar.

Den viktigaste forklaringa på nedgangen er automatforbotet som vart innført 1. juli 2007.

Etter estimatet for 2007 vil kvar innbyggjar i gjennomsnitt ha satsa 5 800 kroner på pengespel. Når gevinstane er trekte frå, la nordmenn i fjor igjen 9,1 milliardar kroner på pengespel. Dette nettotalt utgjer 1 900 kroner per innbyggjar.

Innsats og tap på utenlandske nettstader

kjem i tillegg til dette. Gjennom kvartalsvise målingar som Respons Analyse AS har utført for oss, kjem det fram at om lag 244 000 nordmenn spelte pengespel på Internett i 2007, og at mange av dei spelte på utanlandske nettstader.

Kor mykje av spel- og lotteriinntektene som gjekk til humanitære og samfunnsvnyttige formål i 2007, er enno ikkje kartlagt.

### Spel- og lotterimarknaden 2007

	Millionar NOK		Millions EURO <sup>2</sup>	
	Brutto oms.	Netto oms.	Gross turnover	Expenditure
Norsk Tipping (eigne spel)	9 514	4 441	1 187	554
Rikstoto	3 162	1 056	394	132
Talspelet Extra	874	437	109	55
Automatar *	10 700	2 000	1 330	250
Lotteri (eksklusiv Flax) *	500	400	60	50
Bingo *	2 600	800	320	100
<b>Totalt</b>	<b>27 400</b>	<b>9 100</b>	<b>3 410</b>	<b>1 140</b>
Per innbyggjar <sup>3</sup> (avrunda)				
Per capita	5 800	1 900	700	200

\*) Estimert omsetning, i NOK runda av til nærmeste 100 million, og i EURO til nærmeste 10 million.

Tabellen viser brutto og netto omsetning. Brutto omsetning er samla innsatsbeløp<sup>4</sup> frå spelarane. Netto omsetning er beløpet som spelarane har lagt igjen etter at gevinst er utbetalt. Nettoen blir fordelt mellom formål og aktørar (t.d. lag og organisasjonar, entreprenørar, operatorar, lokalinnehavarar eller kommisjonærar).

<sup>1</sup>Årsstatistikken for 2006.

<sup>2</sup>Noregs Bank, Års gjennomsnitt av midtkursar 2007: 8,0153.

<sup>3</sup>SSB, ved 1. juli 2007: 4 704 573.

<sup>4</sup>For automatar innbetalte innsatsbeløp, ikkje medrekna verdi av gjenspel der gevinst ikkje først er utbetalta.

Fig. 1

## Utviklinga

	2006		2007		Endring	
	Brutto oms.	Netto oms.	Brutto oms.	Netto oms.	Brutto oms.	Netto Oms.
Norsk Tipping (eigne spel)	8 846	4 131	9 514	4 441	8 %	8 %
Rikstoto	2 780	944	3 162	1 056	14 %	12 %
Talspelet Extra	773	386	874	437	13 %	13 %
Automatar *	23 203	4 413	10 700	2 000	- 53 til - 56 %	- 53 til - 56 %
Lotteri (eksklusiv Flax) *	524	421	500	400	mindre reduksjon	
Bingo *	2 121	639	2 600	800	større auke	
<b>Totalt *</b>	<b>38 246</b>	<b>10 935</b>	<b>27 400</b>	<b>9 100</b>	<b>-28 %</b>	<b>-17 %</b>


\* Deler av omsetninga er estimert og avrunda til nærmeste hundre million for år 2007.

Fig. 2

## Spel og lotteri – prosentvis del av omsetninga, i år 2007


Brutto omsetning totalt 27,4 mrd

■ Norsk Tipping (eigne spel)	35%
■ Rikstoto	12%
■ Talspelet Extra	3%
■ Automatar	39%
■ Lotteri (eksklusiv Flax)	2%
■ Bingo	9%



Netto omsetning totalt 9,1 mrd

■ Norsk Tipping (eigne spel)	49%
■ Rikstoto	12%
■ Talspelet Extra	5%
■ Automatar	22%
■ Lotteri (eksklusiv Flax)	4%
■ Bingo	9%



Frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto har vi fått endelige tal. Norsk Tipping sin brutto omsetning for eigne spel er auka gjennom 2007 med 8 prosent. Omsetninga vart 9,5 milliardar kroner i 2007. Norsk Rikstoto hadde ei omsetning på nærmere 3,2 milliardar kroner. Dette utgjer ein vekst på 14 pst frå året før.

Talspelet Extra har og hatt ein auke i omsetninga der det i 2007 vart satsa 874 millionar. Dette utgjer ein auke på 13 pst frå året før.

Tal for resten av den private marknaden er førebels estimat. Lotteritilsynet har hatt kontakt med ei rekke av dei sentrale aktørene og fått innrapportert nøkkeltal for ein del av omsetninga. I tillegg er ein større del av automatomsetninga rapportert frå entreprenørane.

Redusert omsetning dei to siste åra må sjåast i samanheng med setforbodet på gevinstautomatar (2006) og forbodet mot eksisterande automatar (2007).

Til årsmeldinga har vi henta inn tal frå 52 automatentrepreneurar som samla hadde 74 prosent av nettomsetninga i estimatet. For resten av marknaden er det gjort ei fram-

skriving. Lotteri- og stiftelsestilsynet berekner brutto omsetning frå gevinstautomatane til 10,7 milliardar kroner<sup>5</sup> i fjor. Dette er ein reduksjon på 12,5 milliardar kroner samanlikna med tala våre for 2006. Samanlikna med 2006 utgjer reduksjonen 54 prosent. Automatane si nettomsetning er redusert med om lag 2 400 millionar kroner.

For bingo og andre lotteri har Lotteritilsynet enno ikkje fått inn tilstrekkeleg talmaterial til å gi eit presist oversyn for omsetninga. Frå Lotteriregisteret og frå sentrale aktørar har vi fått informasjon om marknaden som vi brukar i framskriving av 2006-tal.

Bingo med og utan entreprenør hadde i 2006 ei samla omsetning på 2,1 milliardar kroner, medrekna sidespel. Vi reknar med at omsetninga har hatt ein stor auke i 2007. I 2007 er det gitt fleire løyve til foreningsbingo, og bingoentrepreneurar har auka omsetninga, spesielt på bingoautomatar. For lokale/regionale lotteri og landslotteri reknar vi med at marknaden totalt har hatt ein liten reduksjon.

## Deltaking i den regulerte lotteri- og pengespelmarknaden

Lotteritilsynet får regelmessig gjennomført målinger om speleålferd i befolkninga. Vanlegvis er målingane halvårlege (juni og desember), men i 2007 har vi også fått utført ei måling i september. Kvar gong vert om lag 1 000 personar 15 år og eldre spurde om deltakning i dei ulike spela.

Fig. 3 på neste side viser andel<sup>6</sup> som har delteke i ulike pengespel det siste året (på undersøkingstidspunktet).

Av Norsk Tipping sine spel er Lotto det spelet som flest har spelt det siste året (ca 55 pst). Færrest har spelt på tippekupongen, Oddsen eller Keno. Keno vart introdusert i november, og i desember svarte 5 pst at dei hadde spelt Keno.

Blant private spel og lotteri er det flest (rundt 50 pst) som svarer at dei har kjøpt lodd i mindre lokale lotteri. 18 pst svarte i juni at dei hadde spelt på automatar. I desembermålinga ser vi ein mindre andel som hadde spelt på automat dei siste 12 månadene.

Fig. 4 på neste side (frå desembermålinga) syner skilnader for menn og

kvinne. Menn spelar oftare enn kvinner på Viking Lotto, Tipping, Oddsen, Keno og hos Rikstoto. Kvinner spelar oftare på Extra og kjøper oftare dei mindre lotteria.

Eit spørsmål som fleire har stilt seg etter at gevinstautomatane vart fjerna er om automatspelarane kjem til å gå over til andre spel eller spele meir på andre spel enn dei allereie gjør. Vil dei spele meir på andre norske regulerte spel, eller vil fleire gå over til spel på utanlandske nettstader?

Foreløpig har vi ikkje indikasjoner på at automatspelarar i stort omfang går over til andre spel som dei ikkje allereie deltok i. Dette viser målingane som vi har fått utført i september og desember 2007. Dei som har svart at dei har spelt på automatar dei siste 12 månadene har oftare enn befolkninga generelt svart at dei deltek i andre spel og lotteri, også før automatforbodet.

Fig. 5 på neste side viser i kva grad dei som har spelt på automatar har svart i dei tre målingane at dei også deltek i andre spel i den norske marknaden.

Fordi utvala med automatspelarar er små

<sup>5</sup> 69 pst av brutto omsetning er innrapportert. Resten er estimert med gevinstprosent 81,0.

<sup>6</sup> Resultata må tolkast innanfor feilmarginar på +/- 1,4–3,2 pst for hovudfrekvensane. Feilmarginane for undergrupper er noko større.

Fig. 3

## Norske spel og lotteri som ein oppgir å ha delteke i dei siste 12 mnd. Spørsmål stilt i 2007



Fig. 4

## Kvinner og menn si deltaking i pengespel, desember 2007





Fig. 5

## Automatspelarar si deltaking i andre regulerte spel, tre målingar i 2007



i desse målingane kan berre ei av endringane tilleggast større vekt. Hovudinntrykket er at automatspelarar si deltaking i andre spel er stabil gjennom målingane. Keno er unntaket der desembermålinga viste at 15 % har spelt. Målingane isolert syner elles ein liten auke for Flax, Extra og for Rikstoto, men desse endringane er ikkje signifikante.

Når det gjeld spel på Internett svarte 14 % av automatspelarane at dei hadde spelt på utanlandske nettspel i målinga vi gjorde i juni. Blant tidlegare automatspelarar var denne andelen 11 % i september og 14 % i desember. Dermed gir heller ikkje dette resultatet ein indikasjon på auka deltaking frå automatspelarar. Talet på nettspelarar totalt sett har i følgje våre berekningar heller

ikkje auka mykje frå 2006. I september og desember spurde vi tidlegare automatspelarar om automatforbotet hadde ført til at dei no spelte meir på dei andre spela dei deltek i. I september svarte 99 prosent at dei ikkje spelte meir på andre spel. I desember var prosenten 91, medan 6 prosent var usikre.

Våre målingar gir med andre ord ikkje indikasjoner på at speling som før fann stad på automatar i større grad er gått over på andre spel. Vi må likevel ta høgde for at ein mindre del av innsatsen som tidlegare blei lagd på automatar no blir sett på andre spel. Omsetningstala viser også ein viss auke. Mellom anna for spel hos Norsk Tipping og Norsk Rikstoto og for bingo.



## Nærare 250 000 spelar på Internett

244 000 nordmenn frå 18 år og oppover spelte i 2007 pengespel på Internett. Dette viser målingar som Respons Analyse AS gjorde for Lotteritilsynet i 2007. Dette utgjer 6,8 prosent av den vaksne befolkninga.

Talet på nettspelarar aukar ikkje like mykje som tidlegare år. Tidlegare har Lotteritilsynet på grunnlag av slike målingar oppgitt 152 000 for 2004, 207 000 for 2005 og 230 000 nettspelarar for 2006.

I målingane spør vi om spelarar nyttar Internett med PC eller mobiltelefon. Færrest seier at dei spelar med mobiltelefonen, og i 2007 utgjorde desse 0,6 prosent av befolkninga eller 9 pst av nettspelarane.

Utrekningar gjort på grunnlag av målingane til Respons Analyse AS<sup>1</sup> viser at nordmenn har satsa 7,6 milliardar kroner over Internett i 2007. Norsk Rikstoto og Norsk Tipping hadde ei samla reell omsetning på 1,3 milliard. Dermed vil vårt estimat for spel på utanlandske nettstader utgjere 6,3 milliardar kroner.

Nettspelarar er ofta yngre menn. Målinga for 2007 viser at blant menn har 12 pst spelt på nettet og blant kvinner 2 pst. I aldersgruppa 18 til 29 år har 15 pst spelt på

Internett. I gruppa 30 til 44 år er andelen 8 pst. I aldersgruppene 45 til 59 år og 60 år eller eldre er prosentane høvesvis 5 og 2.

Utrekningar på omfanget av nettspel blir gjort med ein del usikre faktorar. Blant anna fordi utvalet nettspelarar som vi når gjennom målingane er små, og fordi feilmargingane dermed blir forholdsvis store. Feilmarginar er nærmare omtalt i fotnote<sup>2</sup>.

Fra juni 2007 har vi i kvartalsvise målingar spurt nettspelarar kva spel dei har spelt i løpet av dei siste tre månadane.

Nær halvparten (48 pst) har spelt talspel som t.d. Lotto. Forholdsvis mange oppgir også å ha spelt poker (28 pst) samt oddsspel på andre hendingar enn sport og hest (27 %). Elles ser vi at ein forholdsvis liten del (7 pst) av nettspelarane oppgir å ha spelt på automatluknande spel.

Dei som spelar på Internett spelar anten på norske eller utanlandske nettstader. Det er sjeldnare både og. I 2007 oppgir 38 pst at

Fig. 6

### Kva slags spel har ein spelt dei siste tre månadane





Fig. 7

### Betalingsmåte siste gongen ein overførte pengar til ein spelestad

Brutto omsetning totalt 27,4 mrd

Debetkort	39%
Kreditkort	29%
Bankoverføring	9%
Elektronisk lommebok	8%
Anna	10%
Usikker	5%

N=272



dei berre har spelt på norske nettstader, og 47 pst at dei berre har spelt på utanlandske. 11 prosent oppgir å ha spelt både på norske og utanlandske nettstader.

Dei norske nettstadene er Norsk Tipping og Norsk Rikstoto. Ifølgje målingane spelte 44 pst av nettspelarane hos Norsk Tipping, medan 10 pst spelte hos Norsk Rikstoto.

Blant dei spurde er det fire utanlandske nettstader der 10 pst eller fleire oppgir å ha spelt det siste året. Dette gjeld Unibet (21 %), Betsson (14 %), Expekt (11 %) og NordicBet (10 %).

I 2007 har 62 pst av spelarane sagt at dei

spelar 13 gonger eller meir i kvartalet. Gjennomsnittet er 23,7 gonger eller nær to gonger i veka. Når det gjeld innsats seier om lag halvparten, 51 pst, at dei spelte for 100 kroner eller mindre siste gongen. Gjennomsnittet var 329 kroner.

I kvartalsvise målingar spør vi kva for betalingsmåte nettspelarane nyttar siste gongen dei overførte pengar til ein spelestad på Internett eller mobiltelefon. I 2007 svarer flest, 39 pst, at det er debetkort som vert nyttar når ein overfører pengar til ein spelestad. 29 % oppgir kreditkort.

<sup>1</sup> Som tidlegare år har vi gjennomført kvartalsvise målinger der 1000 personar 18 år og eldre blir spurta om dei har spelt pengespel over Internett. Desse målingane er grunnlag for resultat som er vist her utanom tal for kor ofte ein spelte og kor mykje ein har spelt for siste gongen ein spelte på Internett.

<sup>2</sup> I 2007 har vi i tillegg gjennomført ei kartlegging om nettspel blant nettspelarar. Her nådde vi 301 nettspelarar, og deira svar er grunnlag for berekning av omfanget på den enkelte nettspela sitt nettspel, dvs. kor ofte ein spelte og kor mykje ein har spelt for siste gongen ein spelte på Internett.

Berekning av nordmenn sin samla innsats på Internett i 2007 kombinerar data fra begge målingane.

<sup>2</sup> Andel nettspelarar er 6,8 pst (N=4007), feilmargin 0,7 pst (+/- 11 % i tal nettspelarar). Snittal for spel i kvartalet 23,7 gonger (N=294), feilmargin 3,0 gonger (+/- 13 % gonger spelt i kvartalet). Snittal for innsats siste gongen 329,18 kroner (N=298), feilmargin 75,9 kroner (+/- 23 % innsats siste gongen).

## 51 fast tilsette

Ved utgangen av 2007 var det 51 fast tilsette i Lotteri- og stiftelsetilsynet medrekna sekretær for Lotterinemnda. I tillegg var nokre stillingar ledige som følgje av tilsettingsprosess eller andre årsaker.

6 personar slutta i sine faste stillingar i løpet av året. Tabellen under syner fordelinga mellom menn og kvinner i avdelingane.

Ved utgangen av året var det 6 personar i engasjement. Av desse 5 kvinner og 1 mann. I tillegg har vi 2 lærlingar i kontorfag og it-fag.

Gjennomsnittsalderen i tilsynet er 44 år.

Tilsynet har i dag ei jamn kjønnsfordeling med omsyn til samla tal stillingar. Vi har eit lite fleirtal kvinner. Der er likevel eit fleirtal

av menn i leiarstillingar og rådgjevarstillingar, og gjennomsnittsløna er 74 000 kroner høgare for menn enn kvinner.

Gjennomsnittsalderen for dei fast tilsette er 44 år, og den er noko lågare for menn enn for kvinner. Når det gjeld utdanningsnivå så har 47 pst av dei fast tilsette cand. mag. nivå eller høgare. 21 av dei fast tilsette har hovudfag eller sivilingeniør grad. Juristane er i klart fleirtal blant dei med høgare utdanning.

### Fordeling mellom menn og kvinner i avdelingane

	Kvinner	Menn	Sum
Direktør	0	1	1
Avdeling for administrasjon og IT og nemnda	10	3	13
Avdeling for informasjon og speleåtferd	2	3	5
Avdeling for statlege spel	4	8	12
Avdeling for private spel	6	5	11
Avdeling for stiftelsar	3	5	8
Sekretariat for Lotterinemnda	1	0	1
<b>Sum</b>	<b>26</b>	<b>25</b>	<b>51</b>



Sigrunn Hauge er konsulent i Avdeling administrasjon og IT.



Ingunn Kvåle er førstekonsulent i Avdeling administrasjon og IT.

## Rekneskapen for 2007

Det vart brukt 58,2 millionar kroner på drift i året som gjekk, mens inntektene var på 68,1 millionar kroner. Løn utgjer 46,7 pst og varer og tenester 53,3 pst av forbruket i 2007. Denne fordelinga er nøyaktig som for året før. Totalforbruket auka med 1,54 millionar kroner frå året før, og dette utgjorde 2,75 pst.

Forbruket på stiftelsesområdet var 8,84 millionar kroner. Avdelinga var ved utgangen av året framleis ikkje fullbemannata med faste stillingar, men det har vore nytta fleire engasjement for å ta unna saksmengda.

Vi har også i 2007 hatt omfattande tenestekjøp hos Brønnøysundregistra (2,3 mill) og Statens innkrevjingssentral (2,1 mill) knytt til høvesvis drift av Lotteriregisteret og innkrevjing av gebyr. Politiets data-teneste har motteke eit refusjonsbeløp på 190 000 kroner for kostnader knytt til Lotteriregisteret. Vidare er det betalt driftstilskot på 1,35 millionar kroner til Hjelpeinja for speleavhengige ved Sjukehuset Innlandet HF Sanderud.

ErgoSolutions AS er teneste-leverandør knytt til utvikling og tilpassing av kontrollsystema for spela ved Norsk Tipping og Norsk Rikstoto. Desse tenestekjøpa var i 2007 på 3,03 millionar kroner.

Ovanfor nemnde tenestekjøp, som har stått sentralt i høve til oppgåveporteføljen og arbeidsmåten til tilsynet, utgjorde 38 pst av forbruket på varer og tenester i 2007.

Det har også i 2007 blitt investert ein del i it-utstyr, anna kontorutstyr og oppgradering av systemløysingar. Det har blitt klar gjort nye arbeidsplassar i samband med at

tilsynet frå 2008 overtek oppgåver som tidlegare tilhøyrde politiet etter lotterilova.

Kursing og fagseminar for dei tilsette har vore eit prioritert område i Lotteri- og stiftelsestilsynet, både av omsyn til behovet for kompetanseoppbygging og behovet for å skape identitet og god trivsel blant dei tilsette. Forbruket i 2007 var på nærmere 1,5 millionar kroner. Her utgjer deltakaravgifter for seminar og konferansar som tilsynet som myndighet har delteke på i utlandet i overkant av 200 000 kroner.

Forbruket på reiser var 4,14 millionar kroner i 2007, 690 000 kroner meir enn året før. Auken på 20 pst skuldast i hovudsak at vi sette inn ekstra tiltak for kontroll av gevinstautomatar.

Leige av dei lokala Lotteri- og stiftelses-tilsynet disponerer i Førde og på Hamar kosta 2,78 millionar kroner i 2007. I tillegg kjem kostnader knytt til oppvarming, straum, drift og vedlikehald.

Den største inntektskomponenten for Lotteri- og stiftelsestilsynet var i 2007 framleis gebyr for oppstilling av speleautomatar. Denne utgjorde 37,6 millionar kroner eller om lag 55 pst av dei totale inntektene i fjar. Gebyrinntektene knytt til automatar har likevel hatt ein klart avtakande tendens dei

## Rekneskapen 2007

### Utgifter Lotteri- og stiftelsestilsynet

#### Driftsutgifter:

Løyning *	kr 57 401 000
Rekneskap	kr 57 452 000
<b>Meirutgift</b>	<b>kr 51 000</b>

#### Spesielle driftsutgifter:

Løyning	kr 6 750 000
Rekneskap	kr 6 503 000
<b>Mindreutgift</b>	<b>kr 247 000</b>

### Utgifter meirverdiavgiftskompensasjon

#### Meirverdiavgiftskompensasjon til frivillige organisasjoner:

Løyning	kr 183 266 000
Rekneskap	kr 183 201 000
<b>Mindreutgift</b>	<b>kr 65 000</b>

### Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar

#### Gebyr:

Løyning	kr 36 486 000
Rekneskap	kr 37 980 000
<b>Meirinntekt</b>	<b>kr 1 494 000</b>

#### Refusjon:

Løyning	kr 10 293 000
Rekneskap	kr 10 802 000
<b>Meirinntekt</b>	<b>kr 509 000</b>

#### Avgift, gebyr stiftelsar:

Løyning	kr 18 752 000
Rekneskap	kr 18 826 000
<b>Meirinntekt</b>	<b>kr 74 000</b>

#### Inntekter ved oppdrag:

Løyning	kr 6 750 000
Rekneskap	kr 6 755 000
<b>Meirinntekt</b>	<b>kr 5 000</b>

#### Avgift til tiltak mot pengespelproblem:

Løyning	kr 12 100 000
Rekneskap	kr 12 100 000
<b>Meir-/mindreinntekt</b>	<b>kr 0</b>

\*) I tillegg kjem lønsrefusjonar og andre refusjonar slik at vi kjem ut med eit netto mindreforbruk.


siste åra. Årsaka er innstramminga i oppstillingspolitikken for gevinstautomatar. Går ein tilbake til 2003 var inntektene relatert til automatar 30 millionar kroner høgre enn i fjor.

Refusjonar frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto utgjorde høvesvis 8,705 millionar kroner og 2,048 millionar kroner i 2007.

På stiftelsesområdet fekk ein for første gong full effekt av den finansieringsmodellen som er lagt til grunn. Inntektene vart

18,826 millionar kroner. Det er lagt til grunn at Stiftelsestilsynet over tid skal vere sjølvfinansierande. Med inntekta ein fekk i 2007 er ein per i dag der ein skal vere i høve til budsjettføresetnaden.

Frå 2005 har tilsynet hatt ansvar for å forvalte ordninga med meirverdiavgiftskompensasjon til frivillige organisasjoner. Det vart betalt ut 183,2 millionar kroner under ordninga i 2007. Administrasjon av ordninga kosta 750 000 kroner.



## Lotteri- og stiftelsestilsynet

Postboks 800 • 6805 Førde  
Telefon 57 82 80 00 • Telefax 57 82 80 80  
[postmottak@lotteritilsynet.no](mailto:postmottak@lotteritilsynet.no)



• TRYKK / Grafisk Trykk AS, Straume • GRAFISK FORMGJEVING / Inform Media, Førde

